

Nils Aarsæther

SENTERPARTIET OG DEN RAUDGRØNNE REGJERINGA

På Senterpartiet sitt landsmøte i mars 2005 blei det samråystes vedtatt å gå til val på eit regjeringsalternativ som representerte noko heilt nytt i norsk politikk: Senterpartiet skulle ta mål av seg til å regjere saman med Arbeidarpartiet og Sosialistisk Venstreparti i det som SP konsekvent kalte eit «sentrum-venstre-samarbeid». Den følgjande valkampen blei gjennomført av tre sjølvstendige parti som signaliserte vilje til å ta ansvar for å danne ei fleirtalsregjering, og då på eit breitt velferdspolitisk grunnlag. LO var sterkt på banen i valkampen og oppmoda sine medlemmar til å stemme på «eit av dei raudgrønne partia». Stortingsvalet gav dei tre partia eit knapt fleirtal. Senterpartiet greidde seg etter måten bra ved 2005-valget, med 6,5% oppslutnad mot 5,6% i 2001. Det er verd å merke seg at Senterpartiet ikkje blei straffa av veljarane for å ha forplikta seg på eit sentrum-venstre-samarbeid.

Denne artikkelen er ikkje skriven av ein nøytral observatør, men av ein samfunnsforskar som også deltar i Senterpartiet, som fast møtande i partiet sitt sentralstyre frå april 2005, og i tillegg som leiar av Senterpartiet sin programkomité 2008–2009. Stoffet til artikkelen er såleis også basert på deltakande observasjon av partileiinga.

Rett etter valet kom utvalde representantar frå dei tre partia sine stortingsgrupper saman på Soria Moria for å utarbeide ei regjeringsplattform. Senterpartiet sin delegasjon til Soria Moria bestod av tre kvinner: Partileiar Åslaug Haga, nestleiar Liv Signe Navarsete og stortingsrepresentant Magnhild Meltveit Kleppa. Som kjent blei det eit positivt resultat av forhandlingane, i den forstand at det viste seg mogleg å føre i pennen eit relativt omfattande dokument, *Soria Moria-erklæringa*. Den framforhandla plattforma for den raudgrønne regjeringa fekk tilslutnad i alle dei tre partia. Den første raudgrønne regjeringa i Norge var eit faktum, med Jens Stoltenberg som leiar og med fire statsrådar frå Senter sine politiske tyngdepunkt: Kommunal, samferdsle, landbruk og energi.

For alle dei tre partia var dette ein ny situasjon: Arbeidarpartiet hadde første gong gått inn i regjeringssamarbeid med andre parti. SV kom første gong til å delta i ei regjering. Senterpartiet var det einaste partiet av dei tre som hadde tradisjon for samarbeid i regjering. Men SP hadde alltid deltatt i eit sentrumspolitisk eller i eit breitt borgarleg samarbeid, og aldri før saman med sosialdemokratiske og sosialistiske parti.

Det viste seg å vere ein tilnærma problemfri prosess å få i stand dette samarbeidet mellom eit tradisjonelt einerådande og maktoorientert Arbeidarparti, eit langt mindre, venstresosialistisk parti med sterke opposisjonelle tradisjonar, og eit i oppslutning lite parti med sterke røter i landbruket og distrikts-Norge. Ettersom SP hadde ei lang erfaring med ulike typar borgarlege og ikkje-sosialistiske regjeringsamarbeid, var det nok mange som undra seg over at Senterpartiet kunne kome heilskinna gjennom å forplikte seg på denne i norsk politikk nye regjeringskonstellasjonen, og til og med gå inn i den utan at det var mogleg å observere tydelege teikn til indre opposisjon, til passivt fråfall av veljarar eller til utmeldingar. Sett utanfrå var det overraskande at partileiinga fekk med seg så godt som heile grunnplanet i partiet, eit grunnplan som i mange saker har markert seg som sterkt verdikonservative og orientert mot samarbeidspartnarar på borgarleg side. Og når ei samarbeidsline til venstre først blei vedtatt, korleis kunne forhandlingane med AP og SV forløpe såpass problemfritt, både på Soria Moria og seinare, i ein fireårig regjeringsperiode? I denne artikkelen skal vi først drøfte ulike faktorar som kunne tenkast å forklare denne langt på veg friksjonsfrie prosessen, og deretter sjå på kva slags erfaringar Senterpartiet har gjort seg i løpet av dei tre første åra i ein raudgrønn regjeringsposisjon.

Historisk sett har SP hatt heller sporadiske tilløp til eit samarbeid mot venstresida, og eit slikt samarbeid hadde aldri før hatt ein proaktiv basis. For SP sin del hadde samarbeid til venstre i all hovudsak vore knytt til reaktiv politikk, i kriseprega situasjonar. Første gong det skjedde var i 1935, med det dåverande Bondepartiet sitt kriseforlik med Arbeidarpartiet. Så gjekk det 35 år før SP igjen fann saman med delar av venstresida i kampen mot norsk EF-medlemskap 1970–1972, og seinare i den siste og langdryge striden om norsk medlemskap i EU 1989–1994. Men eit defensivt og situasjonsbestemt venstrepolitisk samarbeid er ein ting. Eit regjeringsamarbeid går langt vidare enn det, og det påfallande er at partiet, utan opprivande indre strid, kunne melde seg til teneste for eit offensivt politisk engasjement, og då som «juniorpartnar» saman med det store sosialdemokratiske AP og eit venstre-sosialistisk SV som også var større enn Senterpartiet i veljaroppslutning.

Gradvis politisk utvikling mot venstre

Ei første forklaring kan vere å sjå Senterpartiet si regjeringsdeltaking som eit naturleg resultat av ei politisk utvikling som Senterpartiet har gått gjennom. Da dreier det seg om å sjå historia om Senterpartiet som ein gradvis overgang frå å vere (1) eit interesseparti for bøndene og landbruket sine interesser, til etterkvart å bli (2) eit parti for heile distrikts-Norge, og fram til dagens situasjon, når partiet har ambisjonar om vere (3) eit parti med allmenn appell til landets velgarar, basert på eit sterkt engasjement for velferd, infrastruktur, miljø og folkestyre.

Eit påfallande trekk ved dei saksfelta som Senterpartiet etterkvart engasjerte seg meir i, er den klare styrings- og reguleringsorienteringa som innsats på desse politikkområda krev: Behovet for ein aktiv, statleg landbrukspolitikk var hovudsaka for stiftinga av Bondepartiet i 1920. Og det var kravet om statlege reguleringar og vern av samvirke- og omsetnadsordningar som stod øvst på partiet sin dagsorden. Trass i ei omfattande modernisering av norsk jordbruk blei det allereie frå mellomkrigstida klart at jordbruket i eit tungdrive og langstrekta land som Norge ikkje kunne overleve utan sterke marknadsreguleringar og etterkvart massive statlege overføringer. Samtidig var det aldri opplevd som noko stort problem at ein politikk for statleg støtte til, og intervensjon i, landbruket kunne tenkast å utfordre den private eideomsretten og andre tradisjonelle institusjonar i landbruket. Senterpartiet såg ingen problem med å sameine (1) privat eideomsrett på primærleddet, med (2) eit kollektivt samvirkeprinsipp i foredlings- og omsetningsleddet, og (3) ei statleg styring av rammevilkåra for næringa som heilskap.

Då Senterpartiet gradvis utvida sitt politiske repertoar til å omfatte eit generelt engasjement for heile distrikts-Norge, var det også statlege styringsgrep i samspel med private utøvarar og bedrifter som var oppskrifta. Eit sterkt engasjement i distriktpolitikken inneber både reguleringar og budsjettmessige styringsgrep for å sikre regional utjamning. Som landbrukspolitikken er også distriktpolitikken for ein stor del basert på at private (bedrifts)aktørar skal få betre muligheter for si næringsdrift og si inntening. I distriktpolitikken dreidde det seg i første omgang om å skape betre vilkår for at private aktørar kunne investere og drive næring utanfor sentra, gjennom for eksempel lågare eller null arbeidsgivaravgift, og gjennom tilgang til subsidierte lån og endå til med direkte tilskott frå kommunale næringsfond og frå Distriktenes Utbyggingsfond – det som i dag er omdanna til Innovasjon Norge.

Men det er først og fremst gjennom å engasjere seg i velferdspolitikken, i utbygging av samferdsel, folkestyrepolitikk og i miljøpolitikken at Senterpartiet trer fram som eit radikalt politisk alternativ. Senterpartiets vilje til å satse på samfunnsbygging over heile landet innebar etterkvart noko meir enn at private næringsaktørar skulle få gode rammevilkår. Skal Norge ha ein desentralisert busettingsstruktur må det etter Senterpartiet si meining skapast gode, (men tilpassa og fleksible!) offentlege tenester for eldre, barn og dei som fell utanfor. For Senterpartiet har det vore viktig at desse tenestene har same standard i utkant-Norge sine bygder som i meir sentrale delar av landet. Styrking av den folkevalde kommuneinstitusjonen heller enn å organisere velferdsytingar gjennom statlege kontor og institusjonar blei varemerket for partiet sin innsats i samfunnsbygginga.

I forlenginga av krav om likeverdige velferdstilbod i heile landet ligg også partiet si vektlegging av offentlege kommunikasjonar, noko som i likheit med velferdspolitikken krev ei skatte- og avgiftsbasert finansiering. Miljøpolitisk står SP for ei langsiktig utnytting av naturressursar som vass-

kraft og olje/gass, noko som også tilseier eit sterkt innslag av offentleg eigarskap og statlege reguleringar. Og engasjementet for dei små og desentrale einingane i folkestyret (folkevalde fylkeskommunar, kommunar, bydelsutval) er vidare med på å definere Senterpartiet som eit styringsorientert parti. Men til forskjell frå landbrukspolitikken og den bedriftsretta distriktpolitikken er ikkje velferds-, samferdsels, – og miljøpolitikken retta inn mot private eigalarar, men allment mot innbyggjarane. Og ein velferds – og miljøpolitikk med det omfanget som er utvikla i Norge lar seg ikkje foreine med ein retorikk der ein legg vekt på lågare skattar og avgifter.

Utvidinga av partiet sitt politiske repertoar har derfor ført til at klassiske borgarlege posisjonar som kritikk av byråkratiet, krav om senka skattar og mest mogleg overlatt til heim og familie, rett og slett ikkje lar seg foreine med dei løysingsmekanismane som pregar dei saksområda som Senterpartiet har prioritert. Ut frå dette resonnementet kan ein hevde at det finst djupareliggende politiske grunnar til at Senterpartiet inntar venstreradikale posisjonar.

Argumentasjonen og den politiske retorikken til Senterpartiet har fjerna seg langt frå den klassiske borgarlege retorikken – ein retorikk som faktisk prega partiet så seint som utover på 1960-talet. Men det er viktig å legge vekt på at ein radikal retorikk ikkje betyr at partiet let vere å legge vekt på prinsippet om privat eigedomsrett (rett nok «for dei mange») og støtte til småbedrifter. Men verken i Senterpartiet eller blant samarbeidspartnarane i dag blir det sett på som noko stort problem å støtte eit privateigd distriktsnæringsliv og på same tidpunkt gå i dialog med delar av fagrørsala. Erkjenninga av at fagrørsala er ein naturleg samarbeidspartner for Senterpartiet, spesielt i velferds- og miljøpolitikken, er noko som sjølvsagt har bidrege til å skape betydelege spenningar over mot tidlegare samarbeidspartnarar på høgresida og i sentrum. Og noko gjenoppliving av eit samarbeid mellom Senterpartiet og Høgre er det ingen som talar om i dag; her kjem i tillegg EU-saka inn som ei ytterlegare hindring for dei som måtte ha tankar om å gjenreise eit breitt borgarleg samarbeid der Senterpartiet er deltakar.

EU-kamp som raudgrøn smelteidig

Til spørsmålet om politisk utvikling høyrer også spørsmålet om Senterpartimedlemmer og partiorganisasjonen si deltaking i kampen mot norsk EF/EU-medlemskap, i det tverrpolitiske arbeidet som skjedde forkant av folkerøystingane i 1972 og i 1994. Her er det grunn til å framheve det tydelege skiljet mellom 1972 og 1994 når det galdt så vel organiseringa av motstandsarbeidet som den politiske plattforma som argumentasjonen og agitasjonen mot norsk medlemskap bygde på. I 1972 var det ein klassisk, defensiv *koalisjon* som stod bak den tverrpolitiske Nei-organiseringa. Verken sosialt, kulturelt eller politisk var det ved dette tidspunktet nokre band av betydning mellom dei

miljøa som fostra for eksempel bondehøvding Hans Borgen (SP) på den eine sida, og fagforeiningskjempen Ragnar Kalheim på den andre. Men dei to samarbeidde godt, Hans Borgen som formann i i Folkerørsla mot norsk EEC-medlemskap, og Ragnar Kalheim som stod i spissen for den faglege mobiliseringa innetter i Folkerørsla. Landbruket, med støtte av SP og opposisjonen i fagrørsla/LO hadde nokså ulike beveggrunnar for å gå imot EEC-medlemskap. Medlemskap i EEC ville gå ut over landbruket og distrikta, derfor var SP mot. Medlemskap ville undergrave faglege rettar og dermed fagrørsla sin maktbasis, derfor var venstresida i LO, AUF, SF, NKP og betydelege delar av AP sine medlemmar mot norsk EEC-medlemskap.

Det er imidlertid beteiknande at Senterpartiet aldri kom med noko signal om å støtte Folkerørsla mot EEC. Dette trass i at Senterpartimedlemmer utgjorde opp mot 33% av den samla medlemsmassen i Folkerørsla.¹ Partiet si reserverte haldning kan forståast nettopp ut frå eit ønske om ikkje å involvere seg politisk i noko som dei fleste på det tidspunktet oppfatta som ein situasjonsbestemt og forbigåande allianse. Det høyrer også med å nemne at det var ein statsminister frå Senterpartiet som måtte gå etter ein lekkasje som bl.a. dagleg leiar i Folkerørsla var involvert i. Denne hendinga bidrog naturleg nok til å skape eit mistillitsforhold mellom Senterpartiets sentrale leiing og Folkebevegelsen.²

Det skulle vise seg den 25. september 1972 at motstandarane hadde eit numerisk overtak, og Nei-fleirtalet på 53,5% hindra norsk medlemskap i denne runden. Men det var ingen samanhengande politisk plattform for motstanden. Etter eit sentrumspolitisk mellomspel, med deltaking i regjeringa Korvald (1972–1973), fell Senterpartiet nesten friksjonslaust tilbake til den borgarlege folden utover på 1970- og 1980-talet. Det hadde rett nok vore opna ein ideologisk, venstre-populistisk front innetter i partiet kring 1970. Stortingsrepresentant Bjørn Unneberg gav ut boka «Grønn sosialisme» i 1970, og Senterungdommen tok opp meir ideologiske problemstillingar knytt til miljø, maktforhold og internasjonal solidaritet, men desse miljøa kom ikkje til å utgjere noko tydeleg kraft i partiet utover på 1970-talet. Sjølv om det var krefter i Senterpartiet som arbeidde for ei nyorientering, blei arven frå Folkerørsla sin siger i 1972 ikkje forvalta som ein spore til ein raudgrøn allianse. Men dette var Senterpartiet på ingen måte aleine om: Etter sigeren i 1972 satsa også SF på å konsolidere eit sosialistisk alternativ, gjennom opprettinga av Sosialistisk Valforbund som avløyste SF ved Stortingsvalet 1973. Det nye SV hadde då heller ingen store problem med å bidra til at ei sterkt Ja-til-EEC-prega AP-regjering fekk avløyse Nei-regjeringa Korvald etter dette valet.

Neste runde med EF/EU-motstand skulle arte seg analleis for Senterpartiet. Ein grunn til denne forskjellen var tidsperspektivet i kampen. Oppmarsjen til folkerøystinga i 1972 var stort sett berre ein kampanje som strekte seg over 2 år. Folkerørsla mot EEC var då heller ingen demokratisk oppbygd

organisasjon, men nettopp eit aksjonsfellesskap. Neste runde med motstand mot EU-medlemskap starta med Kristen Nygård sitt initiativ til å danne Opplysningsutvalet om Norge og EF i 1989. Det var ei nærmast sjølvbestalta gruppe, men fekk snart fylkesvise representantar og blei omdanna til organisasjonen Nei til EF i 1990. Nei til EF (seinare Nei til EU) blei organisert som ein demokratisk medlemsorganisasjon, med lokallag og fylkeslag der styra skulle vere tverrpolitisk samansette. Arbeidet mot norsk EU-medlemskap blei avslutta først på valdagen den 28. november 1994. Stiftarane av denne samlande Nei-rørsla var klar over at striden om medlemskap ville gå over lang tid, derfor var det viktig at Nei til EF/EU i 1990 blei danna som ein demokratisk medlemsorganisasjon, ikkje som ein meir eller mindre sentralstyrt kampanje. At Nei til EU fekk vedtektsfesta at alle ledd (lokallag, fylkeslag, råd og styre) skulle vere tverrpolitisk samansett førte til eit langvarig (og faktisk fortsatt levande!) hopehav mellom folk som politisk sokna til Senterpartiet, SV, AUF/AP, RV, KrF, V, mens nei-folk frå FrP og H i svært liten grad var synlege i den organiserte EU-motstanden. Nei til EU blei dermed i praksis eit raudgrønt arbeidsfellesskap med svært høgt aktivitetsnivå, også utover den mest intense 5-årsperiode 1990-94.

Etter Nei-sigeren i 1994 var det dermed ingen lett veg «tilbake» til ein borgarleg normaltilstand for Senterpartiet. Ein grunn til det var at sentrale leiatarar i Senterpartiet, i motsetning til dei to andre mellompartia KrF og Venstre, hadde hatt ei leiande rolle i EU-motstanden. Leiaren i Senterpartiet Anne Enger (Lahnstein) symboliserte for mange det folkelege opprøret mot eliten i Oslo og Bryssel. Ein annan grunn var at Senterpartiet, både gjennom sine medlemmar og som parti, hadde forplikta seg på den politiske plattforma for motstand mot norsk EU-medlemskap som Nei til EU hadde vedtatt. Leiari i Nei til EU, Kristen Nygård var sentral i å formulere Nei til EU sine «bærebjelkar» for EU-motstanden, med utgangspunkt i klare ambisjonar om å understøtte ein aktiv velferdspolitikk, distriktpolitikk, folkestyret, internasjonal solidaritet og miljøpolitikk. Politiske, men også sosiale, erfaringar frå arbeidet mot norsk EU-medlemskap kom naturleg nok også til å prege rekrutteringa til maktposisjonar i Senterpartiet utover 1990-talet. Det innebar at partiet rekrutterte leiatarar på alle nivå som i minst ein femårsperiode hadde vore eksponert for, og sjølve bidratt til å bygge opp, ein vinnande politisk organisasjon som langt på veg hadde ein sentrum-venstre-profil.

Så til forskjell frå EEC-kampen 1970-72 var forholdet mellom Senterpartiet og Nei-rørsla i 1990–1994 (og framover til i dag!) prega av nærheit og tillit. Erfaringane frå den siste av dei to oppgjera om EEC/EU-medlemskap har såleis utan tvil vore med på å fremje eit raudgrønt politisk samarbeid.

Sosioøkonomiske forklaringar på raudgrønn orientering

Radikalisering og ei viss venstredreieri i Senterpartiet kan også seiast å bli understøtta av to interessante klassemessige prosessar: For det første er lønsemda i jordbruksdrift blitt så låg, samanlikna med andre yrkesgrupper, at klassisk jordbruksdrift på garden i seg sjølv ikkje gir rimelege inntekter til ein familie – i praksis til eit arbeidande ektepar. Senterpartiet sine kjernevelgarar og medlemmer er ikkje fattige i absolutt forstand, men relativt sett har den därlege inntektsutviklinga i jordbruksdrift gjort sitt til at Senterpartiet sine kjerneveljarar har sakka akterut, og iallfall slik at dei i liten grad identifiserer seg med dei borgarlege nyrike. Blant bønder er det i dag ingen sympati for ein skattelettepolitikk som vil favorisere øvre middelklasse og oppover i inntektsgruppene.

For det andre er løysinga på eit utilstrekkeleg inntektsgrunnlag i jordbruksdrift at mens mannen ofte held fram med å ha ansvaret for gardsdrifta, så vil kvinnen enten for eksempel jobbe ufaglært som assistent i barnehage eller på sjukeheim, eller kanskje som fagtdanna i helsevesenet, i skolen eller i kommunal administrasjon. Dette kan så skape ei fagleg «alliansebygging» på grasrotnivå, i jordbruksfamilien, der den eine, som sjølvstendig næringsdrivande er organisert i Bondelaget og den andre som lønsarbeidar vil vere organisert i LO. Når denne arbeidsdelinga knytt til jordbruksdrifta er blitt stadig meir vanleg, blir det skapt ein sosial basis på mikronivå for eit politisk raudgrønt samarbeid.

Makttradisjonar: Kor kan eit vippeparti få størst uttelling?

Senterpartiet vegrar seg ikkje for å ta politisk ansvar og makt. Partiet er klar over den nøkkeltalet eit sentrumsparti kan spele ved å innta ein parlamentarisk vippeposisjon mellom ei politisk høgreside og ei venstreside. Og dette skjer uavhengig av partiet sin parlamentariske maktbasis. Tap av veljarar og representantar treng ikkje vere avgjerande, så lenge eit sentrumsparti befinn seg i ein vippeposisjon. Dette er illustrert ved at partiet Venstre, med to representantar i Stortinget, oppnådde å få tildelt fire statsrådspostar i Bondevik II-regjeringa.

Dette betyr to ting: For det første kan eit sentrumsparti i vippeposisjon selje seg dyrt. Om det ville, kunne sikkert Senterpartiet få Høgre og Frp til å sluke om ikkje kamelar, så iallfall sauar og kyr, i eit omfang som desse partia elles ville vere svært lite komfortable med. Og ved å vende seg mot venstresida kan Senterpartiet tvinge eit EU-venleg AP til å droppe alle tankar om ei ny aktualisering av norsk EU-medlemskap. For det andre treng ikkje Senterpartiet ha så stor oppslutning i veljarmassen for å kunne utøve stor makt. Så lenge vippeposisjonen er sikra, kan partiet eit stykke på veg «regjere Norge» kanskje med berre eit fåtal prosent og eit lite antal Stortingsrepresentantar i ryggen.

Men maktpolitikk haustar gjerne misnøye: Når Senterpartiet må tolke mykje kritikk frå alle kantar, har det truleg samanheng med den irritasjonen som mange føler over å måtte ta så mykje omsyn til eit såpass lite parti. Og det ligg også eit problem i å ha fått eit omdøme som «hestehandlar» – altså som eit parti som nærmest prinsipplast arbeider for å sikre sine særstandpunkt.

Farvel til Sentrum – og til annleislandet?

Idealsituasjonen for Senterpartiet blei, etter den smertelege erfaringa med høgre-sentrumregjeringa 1989-90 (Syse-regjeringa) å etablere eit politisk sentrum som var sterkt nok til aleine å danne regjering, der dei tre partia som mindretalsministerium kunne søke støtte vekselvis både frå høgre- og venstresida. Anne Enger (Lahnstein) markerte seg som talsperson for eit i prinsippet uavhengig sentrum – og dermed også eit tettare samarbeid mellom Senterpartiet, KrF og Venstre. Korvald-regjeringa 1972-73 hadde vist at dette i praksis kunne late seg gjøre. Men som ved innsettinga av Korvald-regjeringa i 1972 var det heilt spesielle politiske omstende – Jagland sitt 36.9%-krav – som gjorde at ei sentrumsregjering (Bondevik I) blei danna etter valet i 1997. I denne første Bondevik-regjeringa fekk SP heile 7 statsrådar. Men valresultatet i 1997 gjorde KrF, og ikkje SP, til vinnar, og dette fekk store verknader for Senterpartiets muligheter til å hauste politiske vinstar ut av det som skulle vere partiets politiske kjernegrep – ei sentrumsregjering. KrF fekk statsministeren, og både i spørsmålet om budsjett-samarbeid og om tilpassing til EU gjennom EØS-avtalen måtte Senterpartiet tolke klare nederlag. Særleg tydeleg og smertefullt var det at fleirtalet i sentrumsregjeringa godtok «Veterinæravtalen» og tok Norge inn i Schengensamarbeidet i EU. KrF fekk i tillegg innført si store sak, kontantstøtta, mens det SP oppnådde var å oppretthalde sjukelønsordninga – og utnemninga av tidlegare SP-leiar Gunnar Stålsett som bisp i Oslo.

Etter at Bondevik I – regjeringa gjekk av på gasskraftsaka (2000), satsa Senterpartiet på eit nytt sentrumssamarbeid saman med KrF og Venstre fram mot valet i 2001. Dette skulle vise seg å bli nok ei smertefull erfaring for SP, for etter valet vende KrF og Venstre ryggen til Senterpartiet og gjekk i regjeringsforhandlingar med Høgre. I Stortingsperioden 2001–2005 fekk dermed Senterpartiet oppleve å vere «i skuggenes dal», ved at det ikkje eksisterte nokon parlamentarisk konstellasjon som kunne gi partiet innflytelse. Vippeposisjonen varapt. Dermed var også erfaringar med partiet si tradisjonelle maktorientering med på å rydde vegen for eit nytt samarbeidsmønster. Og visjonen om «annerledeslandet» såg samstundes ut til å vereapt. Men denne ideen om at Noreg på avgjerande måtar skulle få ei utvikling som var radikalt forskjellig frå den marknadsliberale utviklinga i EU blei sterkt neddempa då den karismatiske Anne Enger gjekk av som partileiar og den svært pragmatiske Odd Roger Enoksen tok over partileiinga. Valet 2001

gjorde det også tydeleg at Senterpartiet sitt grunnplan hadde eit sterkare kulturkonservativt preg enn det som kom til uttrykk i programmet og i leiinga. Gjennom EU-kampen hadde Senterpartiet vakse seg stort, og hadde fått eit tilsig av veljarar og medlemmer også frå venstresida. Etter at EU-kampen etter kvart kom på avstand, forlot mange av desse veljarane partiet, og pr. 2001 var det på nytt mogleg for dei meir kulturkonservativt orienterte kreftene å kome på banen. Det spørsmålet som med størst tydelegheit synleg gjorde denne spenninga mellom dei radikale og konservative delane av partiet var debatten om homofile sin rett til å bli vurderte som adoptivforeldre – der programkomiteen (2001) si liberale haldning vel blei bekrefta av eit knapt landsmøtefleirtal, men der akkurat denne programposten kom til å svekke oppslutninga om partiet blant ein god del av kjerneveljarane – og ute i ein god del av lokallaga.

Forventinga om at Odd Roger Enoksen ville lose partiskuta tilbake til den borgarlege leiren, med appell til kulturkonservative verdiar, blei aldri innfridd. Det skulle vise seg spesielt i den kritiske overgangfasen frå «skuggenes dal» og fram mot det raudgrønne samarbeidet i 2005. Sjølv om det var fleire «tunge» utviklingstrekk, både politisk og samfunnsmessig som befjordra Senterpartiet sin inntreden i eit raudgrønt samarbeid, så måtte sjølve overgangen regisserast. Skepsis i eigne rekker måtte overvinnast, og motstand frå delar av DNA og SV måtte nøytraliserast for at dette prosjektet skulle lukkast. Denne prosessen skal vi ikkje gå nærare inn på her, men berre antyde at Odd Roger Enoksen etter kvart blei ein tydeleg pådrivar for nyorienteringa i partiet. Og etter at Enoksen gjekk av, kom Åslaug Haga til å spele ei viktig rolle i realiseringa av dette politisk sett dristige prosjektet. I ettertid kan vi slå fast at det ikkje oppstod alvorlege hindringar, verken innetter eller i partner-miljøa. Tida var moden for denne endringa, trass i at delar av grunnplanet nok mykje heller hadde sett at partiet hadde KrF som sin primære samarbeidspartner.

Så konklusjonen er at det var ei rekkje forhold, frå sosio-materielle endringar til konkrete erfaringar frå samarbeidet i EF/EU-spørsmålet og eit gjennomgåande «regulerings»-trekk ved dei sakene som Senterpartiet etterkvart kom til å stå for, som til saman gjorde det mogleg for Senterpartiet å passere den store skiljelina mellom borgarleg og sosialdemokratisk politikk i Norge. Det må også framhevest som ein fordel for Senterpartiet at så godt som heile veljarmassen – også dei kulturkonservative – var provosert over Bondevik II-regjeringa sin innstrammingspolitikk overfor kommunane. Det fall lett og naturleg for Senterpartiet å ta ei leiande rolle i kritikken av sentrum-høgre-regjeringa og Erna Solberg sin upopulære kommunepolitikk.

I regjering med AP og SV

Valresultatet 2005 gav ein knapp siger for den raudgrønne alliansen. Dersom fleirtalet hadde vippa den andre vegen, ville imidlertid partiet ha kome i ein særskilt vanskeleg situasjon. Då ville motløyse ha vakse seg sterkt innetter i partiet, og krav om ei ny kursendring ville truleg ha virka splittande og kanskje lammande. Derfor blei den knappe sigeren for dei raudgrønne i 2005, starten på ei i allfall fireårig «nådetid» for Senterpartiet.

Primo 2009 kan Senterpartiet sjå tilbake på snart fire år med ein for partiet svært solid regjeringsinnsats. Problema med regjeringsamarbeidet, både internt i partiet, mellom partane i regjeringa og i forhold til veljarane, har vore handtatt utan store kriser og tap av tillit. Her er det grunn til å legge vekt på både trekk ved Senterpartiet sitt indre liv, Soria Moria-erklæringa, samarbeidsforholda i regjeringa og endringar i den globale situasjonen.

Partiet sin gjenvunne vippeposisjon har kanskje spelt inn, men det var også viktig at Senterpartiet hadde eit godt gjennomarbeidd program for stortingsperioden 2005–2009 som grunnlag for Soria Mora-forhandlingane. Senterpartiet vann ingen store sigrar på tvers av ønskemåla til dei to øvrige regjeringspartnarane, men Haga, Navarsete og Meltveit Kleppa fekk forankra Senterpartiet sine viktigaste satsingsområde i den endelege erklæringa. Styrkinga av kommuneøkonomien og lokal velferd hadde vore Senterpartiet si store sak føre stortingsvalet, og med Åslaug Haga som kommunalminister lukkast det å gjere denne saka til ei av dei aller viktigaste sakene for regjeringa Stoltenberg.

Samtidig høvde det godt for Senterpartiet at den raudgrønne regjeringa ikkje hadde gått til val på skattelette, og at ein dermed hadde meir midlar til rådvelde enn det den borgarlege opposisjonen kunne love. I den første delen av regjeringsperioden var det derfor enkelt å samanlikne innsatsen med det den førre regjeringa hadde løyvd eller fått til. Men enkelte av lovnadane kom til å koste mykje, då særleg barnehagereforma. Denne reformen var populær, men førte til ei dreiling av midlar på skole og utdanning, og regjeringa fekk vanskar med å få til ei sterkt satsing på forsking og høgre utdanning. I debatten om «barnehagar versus forsking» blei imidlertid Senterpartiet fråverande, ettersom dette var politikkområde der Senterpartiet hadde lite «eigarskap», samanlikna med dei to regjeringspartnarane. Spørsmålet om EU-medlemskap har i liten grad ført til polarisering i ei regjering med to små nei-parti og eit stort ja-parti. Utanfor den partipolitiske sfæren har organisasjonen Nei til EU langt på veg gjort jobben med å sikre eit stabilt nei-fleirtal i befolkninga, men ei av-aktualisering av medlemskapsdebatten har fått det paradoksale resultat at «vinnaren» Senterpartiet ikkje er kome i forgrunnen politisk.

Innetter i partiet har regjeringsdeltakinga hatt innpå 100% oppslutting. Det er truleg beteiknande for situasjonen i partiet at det i regjeringsperioden knapt har vore ei einaste avstemming i partiet sitt sentralstyre. Medlemmer

og tillitsvalde over heile landet har vore klart motiverte til å støtte ein politikk der eit relativt lite Senterparti greier å få gjennom fleire av partiet sine hjartesaker. Jordbruksoppgjer langt over det ein hadde hatt håp om å oppnå i samarbeid med høgresida bidrar nok også til at det knapt har vore reist nokon intern debatt om regjeringssamarbeidet. Rett nok har Senterpartiet sine ministrar deltatt i harde drakampar innetter i regjeringa, både om kommuneoppgjer, jordbruksoppgjer og på EU-direktiv, og det har ved fleire høve, og gjennom ulike framgangsmåtar, vore nødvendig for partileiinga å føre klar tale om partiet si tolegrense. Samtidig har det vore lagd stor vekt på å kommunisere utover i partiet at ei koalisjonsregjering er nettopp ei regjering der ein må gi og ta, og partiorganisasjonen har sluttat godt opp om dei prioriteringane som partiet sine leiande organ, stortingsgruppa og ministrane har gått inn for og fått gjennomslag for.

Konjunktur for langsiktigheit

Det var eit dristig prosjekt å satse på eit raudgrønt samarbeid, basert på ein ambisiøs velferdsstatpolitikk føre valet i 2005. Dette var midt i ein økonomisk høgkonjunktur der sterke interesser pressa på for å oppnå meir privatisering og mindre offentlege reguleringar. I andre land i Norden og i Europa forøvrig konsoliderte høgrepartia seg som regjeringsparti, og sosialdemokratiske parti dreidde over mot høgre i politikken for å halde på regjeringsmakt under «nyliberale konjunkturar». Her kom utviklinga i norsk politikk til å representere eit unntak. Kva var det så som gjorde situasjonen så spesiell? Ein ting er at oljeinntektene skaper større handlingsrom for ei norsk regjering. Men det er viktig å få fram korleis det politiske klimaet kring parlaments- og partipolitikken kan påverke maktforholda i det norske samfunnet. Før valet i 2005 var opinionsdanninga klart påverka av eit LO som gav klar støtte til det raudgrønne alternativet. Og ein skal heller ikkje sjå bort frå betydninga av ei svært god og vedvarande medlemsoppslutning om den tverrpolitiske organisasjonen Nei til EU.

Både for Senterpartiet, SV og Arbeidarpartiet er det omliggande farvatnet blitt lettare å manøvrere i, i den siste halvdelen av regjeringsperioden. Trass i mange teikn på regjeringsslitasje har saker som klimakrisa, matkrisa og ikkje minst den økonomiske krisa skapt utfordringar som krev styringsgrep av ein annan type enn dei nyliberale oppskriftene for handelspolitikk i WTO og i offentlege politikk generelt (New Public Management). Det er ei enkel pedagogisk oppgåve å vise at det er marknadsfrislepp som har skapt krisetilstanden i økonomien og at ein raudgrønn, Keynes-inspirert politikk er det beste botemidlet for å sikre arbeidsplassar og velferd. Og ettersom det har vore Framstegspartiet som i realiteten har representert eit klart alternativ til den raudgrønne regjeringa, har dette partiets forvirring i kjølvatnet av den

økonomiske krisa gitt tilhengarane av den raudgrønne regjeringa nok eit politisk trumfkort.

Er det noko Senterpartiet står for, er det ein «sindig» reguleringspolitikk. Retninga på reformene er viktigare enn dristigheita, og partiet sin spesialitet er å forhandle fram politiske løysingar som kan få tilslutning både i store delar av (distrikts)næringslivet, i fagrørsla og i kommunal sektor. Derfor er det å stå i spissen for å formulere tiltak mot ei internasjonal krise som er skapt av ein politikk for avregulering og privatisering, ein politikk som er blitt ført utan blikk for skeive sosiale utslag, nærmest ein ønskesituasjon for Senterpartiet: Endeleg har partiet fått «syn for segn»: Forvaltarperspektivet kjem i forgrunnen: ved at kortsiktige løysingar har spelt fallitt, og langsiktige disposisjonar blir etterlyst. Utfordringa for partiet er derfor ikkje å endre grunnlaget for den politikken som har vore ført sidan 2005, men å bidra til å utvikle kreative og treffsikre (krise)løysingar innafor ei keynesiansk reformramme.

Historia om Senterpartiet sin inntreden i det raudgrønne samarbeidet 2005–2009 er i denne framstillinga forklart som ein prosess utan den heilt store dramatikken, og ein prosess der dei politiske løysingane i regjeringsposisjon har blitt leverte, utan at verken veljarar eller medlemmar har opplevd store vonbrot. I etterkant av ein såpass kompetent handtert omstillingss prosess som den som er framstilt her, skulle ein forvente at også veljaropslutninga om partiet ville vise klare positive trekk. Men så har ikkje skjedd. Dyktig og synleg leiarskap, gode løysingar i form av betre kommunal økonomi, og små spenningar innetter i partiet har ikkje vore nok til – så langt – å gi ei aukande og stabil oppslutning om Senterpartiet på meiningsmålingane. Lokalvalet i 2007 gav framgang, men Stortingsvalet 2009 blir den heilt avgjerande prøvesteinen – ikkje berre for Senterpartiet, men for heile det raudgrønne prosjektet.

NOTER

- 1) Tore Bjørklund, *Mot strømmen. Kampen mot EF 1961-1972*, Universitetsforlaget, Oslo 1982, s. 301
- 2) R. Madsen, *Motstraums. Senterpartiets historie 1920-2000*, Det norske samlaget, Oslo 2001, s. 127.